

Nordisk Folkereisning  
Den 17de Mai 107008

vokatør av verste slag. Attpaa alt har han so vore med og skipa eit Fedrelandslag nr. 2. For noko anna kan vi ikkje skyna Nordiske Folkereisning er. So no kokar det over i Folkets hus.

N. F. som namnet lyder avstytt, har etter lovene «aa samle norske kvinner og menn for aa gjennemføre en nasjonal nyreisning i nordisk aand efter vedtagne retningslinjer».

I brodden for rørsla staar ei sentralnemnd (C. K.) som rekrutterer seg sjølv til eit riksmøte tek anna avgjerd. Sentralnemnda vel for 3 aar eit trimannsstyre med to eller fleire varamenn, vel ei organiseringssnemnd (Org. K.) og vel faste og serlege arbeidsutval. Naar det trengst kallar sentralnemnda saman ein rikskonferanse av tillitsmenn for distrikta.

Hovudlinone for den nye fascistrørsla er forma soleis i programheftet:

«Ved aa vekke det norske folk til bevissthet om dets rasebundne egenart og dets verd, vil vi bringe dets evner til rikere utfoldelse og øke dets produktive kraft. Vi vil at det gjør sig klar sine oppgaver hjemme og ute, og samler alle krefter paa virkelig aa løse dem. Vi vil reise vaart folk til nytt liv, politisk, økonomisk og moralsk, og bidra vaart til aa gi verden en nordisk aand.»

Endå klaarare merkar vi skyldskapen med Fedrelandslaget i punkt 1 um aa «tilintetgjøre den importerte og fordervelige kommunistiske oprørsbevegelse, som ikke stemmer med nordisk egenart og i sig selv er grunnfalsk og av det onde». Maatte berre Nordiske Folkereisning vera hepnare enn Fedrelandslaget har vore! Til

meir nordisk, d. v. s. dansk og svensk innstilte, enn dei alt er. Dei er longe so nordiske at dei har gløymt aa vera norske i sand og sanning.

Mot denne nordiske utvatninga av norsk nasjonalitet set vi den nynorske nasjonalitetsrørsla. Og nærmeste samarbeidet kulturelt og økonomisk utanfor landet bør ikkje gaa i «nordisk leid» (til Sverige og Danmark) men i norrøn leid (til Færøyane og Island).

Etter det vi her har greidt ut

maa det staa klært for alle at Nordiske Folkereisning er noko av ein diametral motsetnad til Noregs Ungdomslag. Men korleis kan dei daa ha seg at N. F. har teke N. U.s symbol, den gylte krossen på raud botn, til flagg og merke?

Vi kan aldri tenkja oss at de frilyndte ungdomslaga vil finn seg i at samlingsmerket deira bli krenkt paa denne maaten. N. F faar gaa til Danmark eller lenge sudover etter høveleg merke arbeidet sitt.

## Oslo fylkeslag og Eidsiva ungdomsla skal ha sams summarstemne paa Noregs landbrukshøgskule.

Eidsiva ungdomslag og Oslo fylkeslag skal i aar slaa saman summarstlemnene sine og skipa til ei større stemne paa Landbrukshøgskulen i Aas sundag 21. juni. Stemna tek til med høgmesse. I

middagstida faar stemnefolket hove til aa sjaa seg um paa skule og samlingane. Paa ettermiddag stemna blir det orkestermusikalar, song, leikframstyring o. a.

## Storting og regjering paa fer med „Fridtjof Nansen“.

Uppsynsskipet «Fridtjof Nansen» kom fyrre kvelden til Oslo. I gaar fyrremiddag gjekk fyrst kongen, krunprinsen og kommanderande admiral um bord, sidan kom regjering og storting og tok seg ein tur paa fjorden fraa kl. 12 til 15, og kl. 17 gjorde skipet ei rundferd med innbedne.

I dag ber det rundt kysten med militærnemnda.

Skipet er 72,7 meter langt, 10,5 meter breidt og 6,2 meter djupt. Det kan taka med koll og olje for ei ferd paa 6000 nautiske mil med 8—10 knop fart; men det er hø til aa auka aksjonsradien til 7000

Det er to 10-sm. Boforskanonar og to 47 mm. luftkanonor, hilleidtarstasjon med fraastandsmlar, ljoskastar, radio, gyrokompekkoloddeapparat og ein svakrok som skal nyttast um dei 1 slepa fangstfarty.

Til mannskapet er det 4-mannslagarar som blir uppvermde ett eit serleg varmluft-system. Mannskapet skal til vanleg vera på 73 mann.

Sjuke fiskarar kan faa lækjhjelp i sjukelugaren, og ute i fiskehavet kan skipslækjaren ta seg av sjuke som kjem um bord.

Kommandørkaptein Blom